



## Adresseliste

SAKSHANDSAMAR: ELDRID NEDRELO ARKIVKODE: 2012/6052 - 432.0 DATO: 05.02.2013

**MØTEREFERAT ADMINISTRATIVT KONTAKTUTVAL FOR BREHEIMEN 30.01.2013****Dato:** 30.01.2013**Tid:** 12.00-15.00**Stad:** Stryn kulturhus**Tilstade:** Steinulf Skjerdal (Luster kommune), Sander Sælthun (Lom kommune), Tor Taraldsrud (Skjåk kommune), Rigmor Myhre (Oppland fylkeskommune), Joar Helgheim (Sogn og Fjordane fylkeskommune), Rolv Kristen Øygard (styreleiar Breheimen nasjonalparkstyre), Eldrid Nedrelo (nasjonalparkforvaltar), Bjørn Dalen (nasjonalparkforvaltar)**Arbeidet i verneområda i Breheimen**

Forvaltarane gav ei kort orientering om kva arbeidsoppgåver Breheimen nasjonalparkstyre har prioritert til no. Einskilde delområde krev meir merksemd og ressursar frå forvaltningsmyndigheita enn andre, og følgjande fokusområde vart presenterte med verneføremål, status med gjennomførte tiltak, utfordringar og behov for tiltak:

- Breheimen nasjonalpark – Dumdalen
- Breheimen nasjonalpark – Villreia i Ottadalen sør
- Strynefjellet landskapsverneområde
- Høyrokampen naturreservat
- Høydalen landskapsverneområde
- Mysabytta landskapsverneområde
- Mørkridsdalen landskapsverneområde
- Vigdalen landskapsverneområde

**Bestillingsdialogen**

Administrativt kontaktutval fekk ein gjennomgang av kva bestillingsdialogen er, og rutinar for bestillingsdialogen. Det vart lagt fram oversikter over bestillingsdialogen for 2012 og 2013. Med bakgrunn i dette diskuterte ein rutinar for bestillingsdialogen 2014. Ein tek sikte på neste møte i administrativt kontaktutval som eit bestillingsmøte mellom kommunane, fylkeskommunane, nasjonalparkforvaltarane og Statens naturoppsyn lokalt. Bestillingsmøtet vil vere grunnlag for handsaming av bestillingsdialogen i nasjonalparkstyret.

## Breheimen utviklingsfond

Bakgrunnen for Breheimen utviklingsfond vart presentert, med rutinar for utlysing, vilkår for vurdering og prioritering. Vidare vart det lagt fram oversikter som viste kva prosjekt som har fått løyving om midlar i 2011 og 2012.

## Forvaltningsplan for Breheimen

Administrativt kontaktutval fekk ei kort orientering om kva ein forvaltningsplan er. Vidare gjekk ein gjennom kva som har skjedd i høve arbeidet med forvaltningsplan for verneområda i Breheimen til no. Framlegget til forvaltningsplan er fagleg godkjend av Direktoratet for naturforvaltning med vilkår om justeringar og presiseringar som må innarbeidast i dokumentet før høyring. Det er eit mål å sende forvaltningsplanen på høyring så snart som råd, etter at justeringane som må gjerast er innarbeidde og etter at forvaltningsplanen er handsama i nasjonalparkstyret.

## Heimesider

Heimesidene til Breheimen nasjonalparkstyre vart presenterte, og ein gjekk gjennom kva informasjon ein kan finne på desse sidene, t.d. nyhendesaker, informasjon om nasjonalparkstyret, verneområda i Breheimen, kart, planar og publikasjonar, planlagde og gjennomførde tiltak og prosjekt osv. Adressa til heimesidene er: [www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen](http://www.nasjonalparkstyre.no/Breheimen)

## Oppgåver og rutinar for administrativt kontaktutval – framlegg til retningsliner

Utvalet gjekk gjennom framlegget til retningsliner, og peika på at rolla til fylkeskommunen bør vera meir tydleg i retningslinene:

Presisering av punkt 1: Det administrative kontaktutvalet vert oppretta for å sikre at forvaltninga av verneområda vert godt integrert i og samordna med den kommunale/**fylkeskommunale** forvaltninga.

Tillegg til punkt 4: **Fylkeskommunane har egne kontaktlister med personar som kan kontaktast frå sak til sak, avhengig av kva tema ein har med å gjere.**

Framlegg til presisering av punkt 5: «..Og vidare:

- bidra til samordning med/og informasjon om andre forvaltnings- og utviklingstiltak som kommunen/**fylkeskommunen** deltek i med relevans for verneområda/forvaltninga av verneområda.
- vidareformidle informasjon og kunnskap om verneområdeforvaltninga i eigen kommune/**fylkeskommune**, både administrativt og politisk, og ovanfor lokalsamfunnet (eks. informasjon på nettsider).
- sørge for at prinsipielle saker som er handsama i nasjonalparkstyret vert lagt fram/el. referert for politikarane i eigen kommune/**fylkeskommune**.
- kome med innspel til nasjonalparkstyret i samband med bestillingsdialog, t.d. om behov for tiltak i eigen kommune/**fylkeskommune** (avklare type tiltak, **finansiering av tiltak**, ansvar og oppfølging)».

Elles var det ingen merknader til retningslinene.

**Neste møte:** Ein tek sikte på å kalle inn til neste møte i administrativt kontaktutval for Breheimen i samband med bestillingsdialogen, innan oktober 2013.

Ref. EN, 05.02.2013

**Kopi til:**

Statens naturoppsyn Luster  
Statens naturoppsyn Skjåk  
Fylkesmannen i Oppland  
Fylkesmannen i Sogn og Fjordane  
Direktoratet for naturforvaltning

**Adresseliste:**

Luster kommune v/Steinulf Skjerdal, Rådhuset, 6868 Gaupne  
Lom kommune v/Sander Sælthun, Midtgard, 2686 Lom  
Skjåk kommune v/Tor Taraldsrud, 2690 Skjåk  
Oppland fylkeskommune v/Rigmor Myhre, Postboks 988, 2626 Lillehammer  
Sogn og Fjordane fylkeskommune v/Joar Helgheim, Fylkeshuset, Askedalen 2, 6863 Leikanger  
Skjåk kommune v/ordfører, 2690 Skjåk